



I siste veka var det kaldast lengst oppe i dalen, men slik var det ikkje natta til i dag og i dag. Då har temperaturen lege millom 7 og 11 både nede ved fjorden, oppover gjennom dalen og på Friheim,

På Friheim var det 'berre' 8, men dei har framleis rekorden i denne uvanlege november-månaden med 12,4 grader.

Men om det var bitre grader ute, var det lunt og godt inne i Gamleskulen der TI-aren vart avvikla. Og frammøtet var bra på ein dag som denne: - 30 vaksne og 6 barn.

Og ikkje nok med frammøtet: 4 'tøffingar' tok også oppmodinga frå helselaget alvorleg og gjekk ein tur først - over Dønhaug og rundt Neset.

Dei var (frå høgre på biletet) Berit Harriet Døssland, Martha Bakke, Målfrid Tveito og Inger Moberg og her er dei iferd med å leggja ut frå Gamleskulen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)